



Malgorzata Stefanie Nowak  
Melandsvegen 230  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3591 - 14/17001

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
06.11.2014

## Godkjenning- Oppføring av garasje på Gbnr 14/47 på Erstad

### Administrativt vedtak. Saknr: 313/2014

**Tiltakshavar:** Malgorzata Stefanie Nowak  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### SAKSUTGREIING

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteken 28.08.2014 og manglande dokumentasjon motteken 17.09.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av garasje på 36 m2 på Gbnr 14/47 på Erstad. Garasjen skal byggjast i tilknytning til bustaden.

Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå byggegrense mot fylkesvei. Statens vegvesen gav dispensasjon frå byggeforbodet i vedtak datert 23.10.2014.

### VURDERING:

#### Planstatus/Dispensasjoner:

Eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF- område. Eigedommen er bebygd og kommunen krev difor ikkje dispensasjonshandsaming.

Tiltaket ligg ca. 20 meter frå vegmidte til fylkesvei 244. Statens vegvesen har gitt dispensasjon for tiltaket.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 22.08.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteken 28.08.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Garasjen blir bygd i tilknytning til bustaden. Tiltakshavar opplyser om at garasjen blir brannsikra med gips på innside vegger.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Eigedomen er på 1015 m<sup>2</sup>. Einebustader og tomannsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar per eining, jf Kommuneplanens arealdel. Det skal vere minimum 250 m<sup>2</sup> utandørs opphaldsareal. Følgjeleg samsvarer tiltaket med Pbl § 28-7.

Planløyising og utsjånad.

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til bygging av garasje på 36 m<sup>2</sup> på gbnr. 14/47 i samsvar med søknad motteken 28.08.2014 og manglande dokumentasjon motteken 17.09.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteken 28.08.2014 og 17.09.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-fil format. Dokumentasjonen skal sendast inn seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.»

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framtil det ikkje er gjeve unntak.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
1447

**Kopi til:**

Malgorzata Stefanie Nowak

Melandsvegen 230 5918

FREKHAUG